



Arkivnr: 2015/886-88

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik / Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------------------|--------|------------|
| Kultur- og ressursutvalet | | 16.04.2015 |

Stønad til tiltak for barn og unge våren 2015

Samandrag

Tilskot til særlege tiltak for born og ungdom kan løvvast til organisasjoner, grupper, lag og andre som skipar til barne- og ungdomstiltak med verdi for heile fylket eller store delar av det. Det er tildeling to gonger i året etter søknadsfrist 1. mars og 1. oktober. Det er tildelinga for våren 2015 som no blir lagt fram.

Tiltak som får støtte gjennom denne ordninga skal vere særskilde tiltak, større samarbeidsprosjekt som ligg utanfor ordinær drift av organisasjonar. Stønad til drift til fylkesorganisasjonar går gjennom anna ordning som vert lagt fram som sak for Kultur- og ressursutvalet i juni-møtet, og som for 2015 har 1 559 000 kroner til fordeling.

For 2015 er det 516 000 kroner til rådvelde til kulturtiltak for barn og unge (aktivitetsstønad).

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

Kultur og ressursutvalet løyver 278 000 kroner over budsjettpost 400.725.03. Særlege tiltak for barn og unge, slik:

| | Søkjar | Tilråding |
|----|---------------------------------------|-----------|
| 1 | African Dance & Drum Abu Adonaba | Avslag |
| 2 | Bergen Internasjonale Filmfestival | 12000 |
| 3 | Bergen Internasjonale Kultursenter | 10000 |
| 4 | Bergen ungdomslag Ervingen | Avslag |
| 5 | Bergen ungdomslag Ervingen | 10000 |
| 6 | Blues på blå resept | Avslag |
| 7 | Børnlo Motorsportklubb | Avslag |
| 8 | De unges orkester forbund Hordaland | 15000 |
| 9 | De unges orkester forbund Hordaland | 10000 |
| 10 | Duus, Adele Lærum | Avslag |
| 11 | Eikanger-Bjørsvik | 12000 |
| 12 | Ferstad, Mari Strand | Avslag |
| 13 | Håndverkstedet for barn og unge | Avslag |
| 14 | Kolibri - Children At Risk Foundation | 12000 |

| | | |
|----|---------------------------------------|---------------|
| 15 | Kolibri - Children At Risk Foundation | 8000 |
| 16 | Kulturpotetene | Avslag |
| 17 | Kvam kulturskule | 15000 |
| 18 | Lekerommet | Avslag |
| 19 | Musikklaget Fjellklang | Avslag |
| 20 | Unneland Grendalag | Avslag |
| 21 | Norsk Forfattersentrum Vestlandet | 5000 |
| 22 | Norges handikapforbund | Avslag |
| 23 | Norsk Lutherisk Misjonssamband | 8000 |
| 24 | Oma, Kristine Nilsen | Avslag |
| 25 | Osterøy kulturskule | Avslag |
| 26 | Regnbuen barne- og ungdomsorkester | 7000 |
| 27 | RMF MUSIKK | Avslag |
| 28 | S12 Galleri og Verksted AS | 10000 |
| 29 | S12 Galleri og Verksted AS | 10000 |
| 30 | Shilans Kulturskole | 10000 |
| 31 | Skånevik teater | 10000 |
| 32 | Sommerstryk | 10000 |
| 33 | Stiftelsen Periferi Festivalen | 12000 |
| 34 | Stiftelsen Tysnesfest | 12000 |
| 35 | Straume Karateklubb | Avslag |
| 36 | Sunnhordland kammerorkester | 10000 |
| 37 | Svortland Skulekorps | Avslag |
| 38 | TeaterAtelieret | 10000 |
| 39 | Ung Tone | 8000 |
| 40 | Vestlandske teatersenter | 30000 |
| 41 | Vossa Jazz | 10000 |
| 42 | Voss Jazzskule | 12000 |
| | | 278000 |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.03.2015

Ved søknadsfrist 1. mars i år var det komne inn 40 søknader til vurdering i denne ordninga. Ein søknad til «Ålmenne kulturføremål» og ein open søknad er flytta over til denne ordninga etter dialog med søker. Totalt er det 42 søknader til vurdering. Søknadssummane varierer frå 1 050 kroner til 145 000 kroner. Samla søknadssum er 1 151 825 kroner.

Summen å fordela er 516 000 kroner for dette året. Det er tradisjonelt fleire søknader ved vårfristen, då det er høg aktivitet i sommarsesongen. Ved denne tildelinga vert det innstilt på løyvingar på til saman 278 000 kroner og det står såleis att 238 000 kroner til hausttildelinga.

Kultur- og ressursutvalet vart orientert og vedtok i sak 13/2015, retningslinene for ordninga slik:

1. RETNINGSLINER FOR STØNAD TIL ÅLMENNE KULTURFØREMÅL OG TIL KULTURTILTAK FOR BARN OG UNGE(AKTIVITETSSTØNAD)

Retningsliner:

1. Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar. Løyvingane skal difor gå til tiltak/prosjekt i Hordaland som er av ein slik art at det har regional interesse og/eller nedslagsfelt. Dette kan t.d. vere pilotprosjekt som vil ha overføringsverdi til andre.
2. Stønaden skal gå til prosjekt og tiltak.
3. Det er høve til å søkke støtte under denne ordninga til både profesjonelle kulturtiltak og frivillige aktivitetar.
4. Denne ordninga skal støtte tiltak som har kulturfagleg innhald som hovudføremål, i denne samanheng vert ikkje idrett inkludert i kulturomgrepet.
5. Det vert ikkje gjeve tilskot til følgjande:
 - a) ordinær drift
 - b) investeringar i bygg, anlegg og utstyr
 - c) utanlandsreiser

Unntak kan vere deltaking i internasjonale tevlingar, m.m. etter kvalifisering eller samarbeidsprosjekt knytt til våre samarbeidsregionar.

d) Produksjon og utgjeving av skjønnlitteratur, film og musikk.

Unntak kan vere når målet er dokumentasjon med kulturhistorisk verdi.

e) tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale institusjonar - t.d. vidaregåande skular

g) aktivitetar i regi av barne- og ungdomsorganisasjonar som får driftstilskot frå HFK. Unntak her kan vere fellestiltak mellom fleire organisasjonar

6. Søkjar må sende inn elektronisk søknadsskjema.

7. Søknad kan verte avslått om søknadssum er svært mykje høgare enn dei løyvingane som vanlegvis vert innvilga i desse ordningane. Økonomisk gjennomføringsevne og realisme i prosjekt er viktig, og ein legg difor opp til ein praksis med å avslå søknader der ein ikkje finn rom til å innvilge minst 1/3 av søknadssum. Søkjar kan evt. legge fram alternativ finansieringsplan/skalert budsjett.

Vurdering av søknader:

Det vert lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølgje):

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- Dokumentarisk verdi
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

Anna:

- Det er høve til å søkje støtte under denne ordninga til både profesjonelle kulturtiltak og frivillige aktivitetar.
- Det vert vanlegvis innvilga stønad i storleik 5 000 – 25 000 kroner (Barn og unge)/8 000 – 30 000 kroner (ålmenne) i denne ordninga. Til ålmenne kulturføremål 2014 er det sett av 1 030 000 kroner som vert fordelt ved tildeling vår og haust. Til kulturtiltak for barn og unge er det sett av 516 000 kroner.
- Det vert lagt vekt på at søker har eit gjennomførbart og realistisk budsjett, og søknad kan verte avslått om søknadssum er svært mykje høgare enn dei løyingane som vanlegvis vert innvilga i desse ordningane. Det har vore praksis å avslå søkerader der ein ikkje finn rom til å innvilge minst 1/3 av søknadssum. Det er imidlertid fint om søker legg fram alternativ finansieringsplan/skalert budsjett.
- I denne ordninga vert søker oppmoda om å söke elektronisk.
- Om det vert søkt om støtte til kunstnarlege produksjonar, er det eit føremon at det ligg ved/vert referert til enkel dokumentasjon (lydspor, bilet, link til heimeside el.)

Det er tilrådd å bruke elektronisk søknadsskjema (+ evt. vedlegg) i denne ordninga. Søknadene spenner difor frå sparsamt utfylt elektronisk søknadsskjema til gjennomarbeidde søkerader med fleire vedlegg.

Fylkesrådmannen har i hovudsak halde seg til ei vurdering om at dersom ein ikkje kan innfri minimum 1/3 av søknadssummen, så blir søkeraden avslått.

I søknadsordninga skil ein ikkje mellom frivillige og profesjonelle kulturorganisasjonar. Fleire er også ei blanding mellom dette, til dømes med aktive frivillige medlemmer og dagleg leiar tilsett, evt. amatørar som deltek saman med profesjonelle kunstnarar. I denne ordninga er det ein stor del av søkeradar frå det frivillige organisasjonslivet. Det vil seie at forholdsvis små summar kan vere utslagsgjenvende for om ein kan gjennomføre det omsøkte prosjekt/arrangement.

Det fylkeskommunale ansvaret gjeld kulturoppgåver som har verdi for heile fylket eller større delar av det. Reint lokale tiltak har kommunane eit ansvar for – spesielt når det gjeld barn og unge. Ein del av søkeradene ein handsamar er av meir lokal karakter. Nokre av dei kjem frå tiltak i kommunar med svært låge kulturbudsjett. Men fylkesrådmannen ser det som viktig at vi opprettheld at tiltaka vi støttar skal ha regional karakter, og at mindre lokale kulturarrangement er eit kommunalt ansvar.

Kva som er lokalt/kommunalt ansvar eller har regional verdi er eit prinsipp som ikkje alltid let seg praktisere like lett, og ein må jamt bruka skjøn. Fylkesrådmannen har praktisert dette ved å gje stønad til turnear, tilskipingar e.l. som anten femner om minst to-tre kommunar, eller som det er grunn til å tru vil samla born og unge frå fleire kommunar. I tillegg kan den regionale verdien ligge i at eit prosjekt er nyskapande – dvs. pilotprosjekt som kan ha overføringsverdi og erfaringsverdi for andre.

Ein ser ein del gjengangarar i søkeradsbunka, og det kan også vere vanskeleg å definere kva som er drift og kva som er særskild tiltak/prosjekt. Er f.eks. årlege hendingar drift eller einskildtiltak? Desse tilskotsordningane skal ikkje gå til ordinær drift og ein kan jo diskutere om ein festival eller årleg sommarskule er tiltak eller drift. Der er ein del tiltak/søkeradar fylkesrådmannen har vald å gje stønad til gjennom fleire år, dette er oftast relativt små summar. Uansett vil ein opplyse om at denne drifta ikkje kan reknast som fast, og at det ikkje alltid er grunna i søkerad eller tiltak i seg sjølv om støtta går opp og ned. Det er viktig at vi i denne ordninga ikkje vert låst i forventningar om å gje stønad kvart år. Forutsigbarheit er sjølv sagt viktig for organisasjonar, men denne ordninga skal ikkje utgjere grunnlaget i finansieringsplanen. Det er viktig å ikkje binde midlane alt for mykje opp i desse tiltaka, sjølv om dei er gode. Vi må også gje rom til det meir nyskapande og for kulturhendingar som går i front for å vidareutvikle kulturlivet i fylket.

Fylkesrådmannen ser at det er ein del søkerader knytt til tradisjonelle organiserte kulturtiltak for barn og unge, som til dømes korps og orkester. Hordaland fylkeskommune har ei eiga søknadsordning for drift av fylkesfemnande organisasjonar for barn og unge. Denne ordninga har søkeradsfrist 1. april, og vil

leggast fram for Kultur- og ressursutvalet i juni-møtet. Nokon av søkjarane i ordninga som handsamast i denne saka får også driftsstønad. Driftsstønaden reknast ut både gjennom medlemstal og aktivitet. Jfr. retningslinene skal denne ordninga i hovudsak ikkje gje stønad til desse organisasjonane. Unntak kan vere når det gjeld særskilte prosjekt der ulike organisasjonar samarbeider, og ein elles fell inn under retningsliner og oppfyller kriterier for ordninga. Hordaland fylkeskommune ser positivt på samarbeid organisasjonar i mellom. Fylkesrådmannen har vidare lagt til grunn og prioriterte opne arrangement, og ikkje reint organisasjonsinterne arrangement.

Det er spesielt viktig i høve til desse etablerte aktivitetane å skilje lokalt/kommunalt ansvar og fylkeskommunen sitt meir regionale utviklaransvar. Fylkeskommunen støttar til dømes ikkje lokale korps- og speidargrupper, men gir noko driftsstønad til fylkesledd gjennom budsjett og driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar. Nokre av desse søknadene/tiltaka er av lokal karakter og såleis ikkje under fylkeskommunen sitt område, i tillegg er fylkesrådmannen klar over at om ein løyver til tiltak innan det organiserte kulturlivet som til dømes korps eller speidar, vil det kunne skape presedens for vidarehandsaming av seinare søknader. Fylkesrådmannen ser det som viktig at vi i denne ordninga også har rom for å støtteprosjekt og tiltak initiert og organisert av unge sjølv, også utanfor dei etablerte organisasjonane.

Til kvar søknadsfrist kjem det inn nokre søknader fra ulike interesseorganisasjonar for spesielle grupper. Fylkesrådmannen vurderer ikkje at desse tiltaka - sjølv om dei er gode og viktige - fell inn under kriteria for våre kulturstønadsordningar. Om søknadene gjeld kultur-/kunsttiltak og elles oppfyller kriteria vil dei sjølv sagt verte vurderte, og ofte prioriterte, då ein ønskjer å vere med på å minske hinder for å oppleve og delta i kulturlivet. Denne våren kom det m.a. inn søknad frå Norsk Forfattersentrum om skrivekurs for ungdommar med Asperger syndrom, der denne er vurdert positivt.

I denne ordninga og i ordninga «Ålmenne kulturføremål» kjem det inn mange søknader om stønad til diverse kunstprosjekt. Mange av desse kjem frå einskildkunstnarar/kunstnargrupper, og det kan vere vanskeleg å skilje og prioritere desse opp imot dei vedtekne kriteria i ordninga. Det kan m.a. vere vanskeleg å forutse i kva grad slike prosjekt og produksjonar har verdi for kulturlivet i større delar av fylket. Ein ser også eit behov for ei meir reint kunstnarleg vurdering av søknadane, dvs. det kvalitative nivå på prosjekten og kunstnarane si gjennomføringsevne og realisme i prosjektet slik det er langt fram. Dette vil ein sjå på nærmare når tilskotsordningane skal gjennomgåast for kommande år for å knytast til den vedtekne regionale kulturplanen. Vi ser eit stort behov for støtte til produksjon og turnear innan ulike kunstsjangrar.

Forvaltninga av tilskotsordningane frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi), *Tilskot til frivillig verksmed i lokalsamfunn som bidrar til deltaking, dialog og samhandling*, er frå og med 2015 er flytta frå Hordaland fylkeskommune til Bergen kommune. Dette gjer at Hordaland fylkeskommune no ikkje lengre har øyremerka midlar til fleirkulturelle aktivitetar. For eit kulturliv som skal vere mangfaldig og utviklande er det viktig at ein støtter initiativ som representerer ulike kulturbakgrunnar. Fylkesrådmannen har difor sett spesielt positivt på søknader som gjeld fleirkulturelle aktiviteter.

I oversikta som er vedlagt har fylkesrådmannen gitt ein indikasjon på grunnen til innstilling på tildeling/avslag. Det er mange søknader med ei høg samla søknadssum. Det har difor ikkje vore mogleg å innfri total søknadssum utan at ein hadde vore naudt til å velje vekk for mange søkjavarar. Elles er det viktig å ikkje ta kvar kommentar som ei fyldestjerande forklaring/grunngjeving for tilsegn/avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.